

Helge Brakstad  
Vestbygdvegen 115  
5919 FREKHAUG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/12638 - 20/49065

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
12.08.2020

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 306/8 Brakstad ytre

Tiltak: terrasse  
Byggjestad: Gbnr: 306/8  
Tiltakshavar: Helge Brakstad  
Ansvarleg søkjar: Helge Brakstad

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 01.07.2020.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsplan med vist tiltaket i målestokk må sendast inn.
2. Tilbygg er på over 50 m<sup>2</sup> og søknad krev ansvarsrettar. Du kan søke om tiltaket som sjølvbyggjar elles kan engasjere ansvarleg søkjar i prosessen. Om Du veljer å søkje sjølv må det sendast inn gjennomføringsplan, erklæring om ansvarsrett som sjølvbyggjar.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 12.09.20. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Helge Brakstad

Vestbygdvegen 115

5919

FREKHAUG